Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Masfjorden.

Emne: Beit og Brom

Bygdelag: Nordbygda.

Oppskr. av: Ola R. Midtbø.

Gard: Hosteland

(adresse): Hosteland

G.nr. 14. Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja dei hev altid nytta slikt før her, og dei nyttar det enno. Her kalla dei det ris. Det var mest altid riset av Bjørk dei brûka. At Fære tok ein aldri slikt for, anna ein om vinteren kjørde heim til hûsa dûngar av fûrebar og sprakje og let smaabeista ga ût aa ete det dei vilde av desse dûngane. Naar det var slikt ver at sauerne ikkje kom ût, bar dei sprakje inn i smale-floren og hengde sprakjen paa smalegarane. Det var ogso dei so smaahakka sprakjen aa hadde den i lange bryer av tre og slo sildelakje yver. Det var halde for eitt sers godt for aat sauena. Naar sauena aat formykje med fûrebar ûte kunde dei faa vassott = dei pissa formykje.

2. Dei kalla det: aa rise - risa - riste - ha rist - ris. namnet brom - broma var ikkje brûka her. Dei brûka ein vanleg vedslede - markeslee - til alslags brûk.

3. Rise gjore ein heile vinteren, men riset er bedst naar det lid fram paa vetter so komrane kjymer til aa kjûkne. ein komar - kommar - fl. komra. trena komra seg. Der det var raad aa kjøre like heim, kjørde dei heile treet heim, der greinerne vart lagde i lange dûngar, ein kôst - kôsta, med leilen av treet vart lagde i dûngar for seg. Sidan vart dei tre so skulde skavast - skavne -, og av risdungane vart det risa naar ein hadde brûk for det. Men den skogen som stod so tie at det var raad aa kjøre den heim minka etterkvart,

og ein laut meir „paa lingda" elle „bjerg" aat beista. Dei kalla alt nautfor; ris. skav. lyng m.m. for „bjerg", og arbeidet: aa „bjerge". I seinare tider laut ris og skav bærast heim. Det var jamnaste fornemmeste so at kara og kvinnfolk gjekk ilag i markja, eller kvinnfolkja kom med middagsmaten til karane so högde timber.

So högde karane dei tre so skulde risast og kvista dei, og kvinnfolka risa dei naar dei kom. Naar det var tid aa ga heim, tok kvinnfolka sina byrje med heim, og naar karane gjekk, hadde dei og „heimbyrje", anten av ris eller skav, eller av „heimve"= feit füreved. Skavet var anten ferdigskave eller det var üskavne raünesjövlinga optil ett par tommar tjukke og optil eit par alner lange. Det ferdigsjavne skavet vart hadd i sekkjer o.l. naar det skulde heimhavast.

4. Ein brukar sigd aa rise med. Ein kan og brüke berre hendene, men daa vert ein snart saarhendt. Snidel var ikkje mykji brüka her, og daa helst til aa <u>lögge</u> med.

5. Det var nautbeista so fekk ris. Ikkje smaabeista. nautbeist: Kjyr, kviger. oksar. smaabeist. sauer, gjeiter. Dei faar riset for seg sjöl – „i ei gjot". Ikkje hakka.

6. Riset har ein inne i löa. Men ein har jamnaste ein eller fleire dungar, kösta – üte, der smaabeista faar ete.

7. Dei hadde för her ein skikk dei kalla for Laangfredagsjikkjen. Den var so at kvart menneskji skulde risast = slåast med ris – paa berre kroppen, og det skulde gjerast paa fastande hjarta Laangfedagsmorgon. Dei sa visst og at riset so vart brüka skulde hentast paa fastande hjarta laangfedagsmorgon. Denne skikken har ikkje vöre brüka i mi tid, ütan for spök – men i eldre tider var der alvor med og.

953

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING